

Utval: Fellesnemnda**Møtestad:** , Scandic Flesland Airport, Lønningsvn. 9, 5258 Blomsterdalen**Dato:** 18.06.2019**Tidspunkt:** 10:00-14:40**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A Gjekk 14.15
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Helen Hjertaas	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Bjørn Erik Hollevik	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Gunhild Berge Stang	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Helge Nævdal	Medlem	A
Hilmar Høl	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Hilmar Høl	A
Sigbjørn Framnes	Roald Stenseide	FRP
Senea Sabanovic	Helge Nævdal	A

Merknader

Natalia Golis (MDG) og Jeanette Syversen (R) møtte under behandling av sak PS 43/19.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleder
Ingrid Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann Hordaland

Thorbjørn Aarethun
Anne-Kjersti Stenehjem
Nils Egil Vetlesand

Bertil Søfteland
Anita Fjellheim

Seniorrådgjevar, Hordaland
Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane
Fylkesdirektør økonomi- og organisasjonsavdelinga,
Hordaland
Leiar fylkessekretariatet, Hordaland
Spesialkonsulent, Hordaland

Petter Lem Gullestad, møtesekretær, Hordaland

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 39/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 40/19	Godkjenning møteprotokoll fellesnemnda 23.05.19	2019/3389	
PS 41/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 21/19	Oversyn over budsjettsøknader om driftstilskot for 2020 over Kulturbudsjettet	2019/156	
RS 22/19	Orientering om retningslinjer for eigarstyring i Vestland fylkeskommune og prosessen med overføring av eigarskap	2018/16011	
RS 23/19	Partssamansetting og reglement for yrkesopplæringsnemnda i nye Vestland fylkeskommune	2018/15997	
RS 24/19	Arbeidsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 25/19	Tilsetjingsreglement for Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 26/19	Permisjonsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 27/19	Løypemelding - DP 1.8 Fagskule	2018/15997	
RS 28/19	Samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune	2019/11599	
RS 29/19	Skriv frå FTU Hordaland, - nytt fylke - større ansvar for trafikksikkerheita	2018/16486	
PS 42/19	Ymse		
PS 43/19	Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 4/19	2018/16486	
PS 44/19	Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
PS 45/19	Avtale - Overføring av dei statlege fiskerihamnene til regionane	2018/11085	
PS 46/19	FTU Vestland - Tilskotsordningar, trafikktryggingspris og samarbeidsavtale med Trygg Trafikk	2019/12232	
PS 47/19	Regional planstrategi for Vestland - utfordringar for fylket og regionane	2015/1434	
PS 48/19	Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for Vestland fylkeskommune	2018/15999	
PS 49/19	Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland	2019/12000	

PS 39/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Gunhild Berge Stang (V) sette fram forslag om at politisk innspel frå Venstre til fellesnemnda vart sett på saklista.

12 medlemer motsette seg at saka vart sett på saklista. Saka vart dermed ikkje sett på saklista.

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend.

PS 40/19 Godkjenning møteprotokoll fellesnemnda 23.05.19

Forslag til vedtak

Møteprotokoll for fellesnemnda 23. mai 2019 vart godkjent.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Møteprotokoll frå møte 23.05.2019 vart samrøystes godkjend.

PS 41/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Sakene RS 21-29/19 vart refererte.

RS 21/19 Oversyn over budsjettsøknader om driftstilskot for 2020 over Kulturbudsjettet

RS 22/19 Orientering om retningslinjer for eigarstyring i Vestland fylkeskommune og prosessen med overføring av eigarskap

RS 23/19 Partssamansetting og reglement for yrkesopplæringsnemnda i nye Vestland fylkeskommune

RS 24/19 Arbeidsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune

RS 25/19 Tilsetjingsreglement for Vestland fylkeskommune

RS 26/19 Permisjonsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune

RS 27/19 Løypemelding - DP 1.8 Fagskule

RS 28/19 Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune

RS 29/19 Skriv frå FTU Hordaland, - nytt fylke - større ansvar for trafikksikkerheita

PS 42/19 Ymse

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Protokolltilførsel

Fellesnemnda drøfta mot slutten av møte mogleg flytting av neste møte. **Sigurd Reksnes (Sp)** sette i samband med dette fram slik protokolltilførsel:

«Sidan møtet i fellesnemnda 18 juni vart flytta frå Balestrand til Bergen, så skal neste møte i fellesnemnda leggst til Balestrand eller ein annan stad i Sogn i Fjordane dersom der ikkje er kapasitet i Balestrand.»

PS 43/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 4/19

Fylkesrådmannen rår til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek prosjektleiar si orientering om Kommuneproposisjonen for 2020 til vitande.

Fellesnemnda legg, ut frå signala i Kommuneproposisjonen til grunn at budsjettet for 2020 og økonomiplanen for åra 2020-2023 vert utarbeidd utan vekst i dei frie inntektene.

2. Fellesnemnda legg ny prognose for konsesjonskraftinntekter til grunn i budsjettet for 2020/økonomiplan 2021-2023.

Fellesnemnda ber prosjektleiar innarbeide nye føresetnader for kapitalkostnadane i budsjett og økonomiplanen.

3. Fellesnemnda ber prosjektleiar ta omsyn til desse sakene i det vidare budsjettarbeidet.
4. Søknadar om finansiell medverknad i økonomiplanperioden 2020-2023 frå eksterne aktørar vert handsama og eventuelt prioritert innanfor dei sektorrammene som vert gitt i dette arbeidsdokumentet.

5. Fellesnemnda legg til grunn ein samla reduksjon i driftsnivået på 100 mill. kr i 2020 på sektornivå med slik fordeling:

Organisasjon, økonomi og politisk styring	7 mill. kr
Strategi og digitalisering	1 mill. kr
Tannhelse	5 mill. kr
Kultur, idrett og integrering	3 mill. kr
Infrastruktur og veg	6 mill. kr
Mobilitet og kollektiv	41 mill. kr
Innovasjon og næringsutvikling	1 mill. kr
Opplæring og kompetanse	36 mill. kr

Innsparingskravet på sektorane vert auka med 100 mill. kr årleg til samla 200 mill. kr i 2021, 300 mill. kr i 2022 og 400 mill. kr i 2023.

Prosjektleiar får i oppdrag å presentere spesifiserte sektorbudsjett på løyvingnivå for 2020 til neste arbeidsdokument. Vidare skal økonomiplantal for 2021-2023 presenterast. Det skal utarbeidast ei oversikt over tiltak/ innsparingar i 2020, samt konsekvensane av desse.

Fellesnemnda legg til grunn at prosjektleiar vurderer kva tiltak/prosessar som skal setjast i gang på sektorane for å kome i mål med innsparingskrava i økonomiplanperioden.

6. Fellesnemnda legg prosjektleiar sitt framlegg til saldering til grunn for budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek prosjektleiar si orientering om Kommuneproposisjonen for 2020 til vitande.

Fellesnemnda legg, ut frå signala i Kommuneproposisjonen til grunn at budsjettet for 2020 og økonomiplanen for åra 2020-2023 vert utarbeidd utan vekst i dei frie inntektene.

2. Fellesnemnda legg ny prognose for konsesjonskraftinntekter til grunn i budsjettet for 2020/økonomiplan 2021-2023.

Fellesnemnda ber prosjektleiar innarbeide nye føresetnader for kapitalkostnadane i budsjett og økonomiplanen.

3. Fellesnemnda ber prosjektleiar ta omsyn til desse sakene i det vidare budsjettarbeidet.

4. Søknadar om finansiell medverknad i økonomiplanperioden 2020-2023 frå eksterne aktørar vert handsama og eventuelt prioritert innanfor dei sektorrammene som vert gitt i dette arbeidsdokumentet.

5. Fellesnemnda legg til grunn ein samla reduksjon i driftsnivået på 100 mill. kr i 2020 på sektornivå med slik fordeling:

Organisasjon, økonomi og politisk styring	7 mill. kr
Strategi og digitalisering	1 mill. kr
Tannhelse	5 mill. kr
Kultur, idrett og integrering	3 mill. kr
Infrastruktur og veg	6 mill. kr
Mobilitet og kollektiv	41 mill. kr
Innovasjon og næringsutvikling	1 mill. kr
Opplæring og kompetanse	36 mill. kr

Innsparingskravet på sektorane vert auka med 100 mill. kr årleg til samla 200 mill. kr i 2021, 300 mill. kr i 2022 og 400 mill. kr i 2023.

Prosjektleiar får i oppdrag å presentere spesifiserte sektorbudsjett på løyvingnivå for 2020 til neste arbeidsdokument. Vidare skal økonomiplantal for 2021-2023 presenterast. Det skal utarbeidast ei oversikt over tiltak/ innsparingar i 2020, samt konsekvensane av desse.

Fellesnemnda legg til grunn at prosjektleiar vurderer kva tiltak/prosessar som skal setjast i gang på sektorane for å kome i mål med innsparingskrava i økonomiplanperioden.

6. Fellesnemnda legg prosjektleiar sitt framlegg til saldering til grunn for budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

PS 44/19 Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Fellesnemnda slutter seg til dei reglementa for folkevalde organ som ligg vedlagt saka.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fellesnemnda ønskjer å få inn Hordaland si ordning med oversendingsforslag i reglementet.»

Røysting

Prosjektlearar sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Oen sitt forslag fekk 4 røyster (SV, V og 1 KrF) og fall.

Vedtak

Fellesnemnda slutter seg til dei reglementa for folkevalde organ som ligg vedlagt saka.

PS 45/19 Avtale - Overføring av dei statlege fiskerihamnene til regionane

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda godkjenner den vedlagte avtalen om overføring av statlege fiskerihamner frå staten ved Kystverket til Vestland fylkeskommune.
2. Fellesnemnda føreset at kostnadene på oppgåvene som vert overført blir dekket.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Røysting

Prosjektlearar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda godkjenner den vedlagte avtalen om overføring av statlege fiskerihamner frå staten ved Kystverket til Vestland fylkeskommune.
2. Fellesnemnda føreset at kostnadene på oppgåvene som vert overført blir dekket.

PS 46/19 FTU Vestland - Tilskotsordningar, trafikktryggingpris og samarbeidsavtale med Trygg Trafikk

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda godkjenner retningsliner for:
 - Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
 - Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingplanar
 - Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar
2. Prosjektlearar får fullmakt til å inngå ny samarbeidsavtale med Trygg Trafikk for Vestland fylkeskommune. Avtalen skal føra vidare gjeldande forpliktingar i dagens samarbeidsavtaler i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Prosjektlearar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda godkjenner retningslinjer for:
 - Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
 - Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar
 - Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar
2. Prosjektleiari får fullmakt til å inngå ny samarbeidsavtale med Trygg Trafikk for Vestland fylkeskommune. Avtalen skal føra vidare gjeldande forpliktingar i dagens samarbeidsavtaler i Hordaland og Sogn og Fjordane.

PS 47/19 Regional planstrategi for Vestland - utfordringar for fylket og regionane

Forslag til innstilling

1. Fellesnemnda for Nye Vestland tilrår at rapporten *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane* blir lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ny regional planstrategi for 2020-2024.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 11.06.2019

Røysting

Prosjektleiari sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda

Innstilling til fellesnemnda

1. Fellesnemnda for Nye Vestland tilrår at rapporten *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane* blir lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ny regional planstrategi for 2020-2024.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Røysting

Prosjektleiari sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda for Nye Vestland tilrår at rapporten *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane* blir lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ny regional planstrategi for 2020-2024.

PS 48/19 Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for Vestland fylkeskommune

Prosjektleiari rår fellesnemnda til å gjere følgjande vedtak:

Fellesnemnda vedtek framlegg til anleggspolitikk og tildelingskriteria for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram, gjeldande for perioden 2020 – 2024.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda vedtek framlegg til anleggspolitikk og tildelingskriteria for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram, gjeldande for perioden 2020 – 2024.

PS 49/19 Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen samarbeider med Fylkesmannen i Vestland for å utarbeide Jordvernstrategi for Vestland.
2. Fylkesutvalet ber om at Jordvernstrategi for Vestland blir lagt fram til politisk behandling for politikarar i nye Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Vedtak

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram forslag om at saka vart utsett.

Røysting

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.